



Tore Røyseth
Skurtveitvegen 68
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7666 - 21/63748

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
23.09.2021

Registrert avvik i septiktank -gbnr. 348/7 Skurtveit

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr. 348/7 Skurtveit
Tiltakshavar: Tore Røyseth og Jorunn Kristine Røyseth

Alver kommune har den 03.09.2021 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 25.08.2021 vart registrert lekkasje og lågt nivå i septiktanken på eigedommen dykkar, med adresse Skurtveitvegen 68, 5917 Rossland. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til seinast 30.11.2021.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finst andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre tilhøvet, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetre eit avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Ved all vidare kontakt i saka, ver vennleg og referer til **sak nr: 21/7666**.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jorunn Kristine Røyseth
Tore Røyseth

Skurtveitvegen 68
Skurtveitvegen 68

5917 ROSSLAND
5917 ROSSLAND